



I ettermiddag er det halde ein sær effektiv dugnad på Sanden, Feltet mellom Sandavegen og den nye parkeringsplassen vart fylt med grov elvastein og resultatet vart riktig bra sjølv om nokon heller ville hatt grønt der.

Det var innkalt så mykje manuell arbeidskraft, både små og store, at heile jobben var gjort på ein times tid. Utan ein slik mobilisering ville det teke atskillig lengre tid.

Brødrene Musland, som har ansvaret for utomhusarbeid i samband med utvidinga av SPAR, hadde plukka opp tilstrekkelig med stein frå eigen grunn ved Musland. Det var eit imponerande lass med jamnstore steinar.

Dei vart støypt direkte fast i eit lag med sement og let seg neppe flytta hvis nokon skulle kjenne seg sterke..

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

